



400 sekkar vart resultatet av innsamlinga i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I fjor vart 400 sekkar med klede, sengetøy, sko og leikar sendt frå Uskedalen til Ukraina i ein semitrailar og det blir ein ny innsamlingsrunde midt i november, opplyser Tormod Myklebust til uskedalen.no**

**Oppslutnaden om innsamlinga i fjor vart karakterisert som overveldande av Myklebust og dagleg leiar i THK Vidar Akselsen.**

Semitrailaren til den kristne stiftinga THK på Karmøy gjer ein rundtur og samlar opp i Kvinnherad laurdag 14. november etter å ha vore i Odda dagen før.

Frå 11 til 12 vil han stå utanfor Eurospar i Rosendal, medan han blir å finna ved Grano i Uskedalen frå 12.30 til 13.30. Frå 14.30 til 15.30 står han i Sæbøvik på Halsnøy.

Målet er Korosten/Kiev-området og maksimal kapasitet i trailaren ligg i overkant av 1.000 sekkar.

Under rundturen i fjor var det spørsmål som gjekk att frå gjevarane: - Når kjem dykk att?

Folk var svært positive og gleda var todelt: Dei hadde gått med dårleg samvit for å kaste klede og undertøy. Men no hadde dei godt samvit då dei samstundes kunne gje til eit godt føremål.

Dette var den første innsamlinga på våre kantar og no er Myklebust og andre spente på om responsen blir like stor i år.

Kleda må vera heile og reine, skoa treng ikkje å vera av nokon bestemt storleik og alt kan pakkast i vanlege, svarte sekkar.

Det kjem meir detaljar om innsamlinga seinare.

Av Ola Matti Mathisen



Vidar Akselsen og Tormod Myklebust - fornøgte etter innsamlinga i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)